

Lindås Kommune, plan – og miljøutvalet  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Reguleringsplan for E39, parsell Eikefet – Romarheim, ref.2013/2594-0-28904/2013

Merknader til framlagt plan.

Eigarane av gbnr 217/1, 2 og 7 har tidligare levert til kommunen, v/Nils Kaalås, eit forslag til varig deponering av tunnelmassar.

Arealet mellom Romarheimselva og E39 på Floten kan fyllast opp i høgd med E39 (ca. 4-5 meter), med svakt fall mot elva.

Ved høg vassføring står deler av dette arealet under vatn, dette gjeld også søre del av Floten, der elva tidlegare gjekk. (elveløpet vart endra i 1960-61, til noverande løp)

Deler av dette arealet på Floten er eit nedlagt sandtak, der matjorda er tatt vare på. Heile arealet på Floten utgjer ca. 100 dekar.


Me vil be om at dette området vert tatt med i reguleringsplanen, og såleis blir klargjord til å bli fyllt opp med tunnelmasser, som då blir liggande permanent.

Med henvisning til vårt forrige innspel /merknader, så er me fortsatt interessert i å fylla opp tidlegare sandtak, samt bygge molo for småbåthavna på Romarheim, dersom kommunen kan/vil ordne det reint praktiske med regulering og tillatelse.

Romarheim, 13.02.2014



Eirik Halvorsen, gbnr 217/1



Norvald Ryland, gbnr 217/2

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
17. 02. 2014	
Ark. saksnr	Løpenr
Saksh.	Tilgangskode